

Talent for realfag

Mange lærarstudentar er svake i matematikk, viser ny internasjonal studie. Norske lærarstudentar som vart testa for å undervise på ungdomstrinnet presterte dårlegare i matematikk enn studentar frå nesten alle andre land. Sjølv om lærarstudentar med ekstra fordjuping i matematikk gjorde det klart betre enn studentar utan denne fordjupinga, så gjorde nordmennene det likevel svakt i internasjonal samanheng. Dette er eit problem når norsk næringsliv har sterkt behov for ingeniørar og andre med realfagskompetanse i åra som kjem. Eit høgt teknologisk kunnskapsnivå er nødvendig for å skape og sikre morgondagens arbeidsplassar, og då er det behov for dyktige lærarar.

– Vi må stimulere til val av realfag, og vi må fram snakke fagarbeidaren og den yrkesfaglege vegen til å bli ingeniør, sa Øyvind Olsen frå Maritimt Forum Nordvest i fredagsavisa. Det har han heilt rett i. God yrkesretteleing er også viktig for at ungdom forstår kva mulegheit dei har. Mange ungdommar har oppdaga for seint at dei valde bort framtidig yrkeskarriere ved å ikkje gå vidare med matematikk etter ungdomsskulen.

Barn er utstyrt med ulike talent, og det er viktig at alle får høve til å utvikle evnene sine. Barn som har talent for idrett og musikk får mykje applaus, og blir heia fram i alle samanhengar. Barn som har anlegg for matematikk eller andre teoretiske fag kan oppleve at dei ikkje blir verdsette på same måte. Enkelte kan tvert om bli omtala som litt sære og nerdete, noko som gir lav status i mange elevmiljø. Derfor er det behov for å framsnakke talent som er mindre synlege enn dei som blir vist fram på ei scene eller fotballbane. Og det er behov for å skape nysgjerrigheit og interesse for naturfag så tidleg som muleg.

Det er nettopp dette Ulstein Group gjer ved å arrangere sommarskule i samarbeid med Forskerfabrikken i år, og dei fortener ros for initiativet. Opplegget, som heiter «Stjernestøv, ballongrakettar og den usynlege verda», skal auke interessa for praktisk realfag mellom unge i Ulstein. I første omgang er sommarskulen for barn av dei tilsette i Ulstein-konsernet, men det er håp om at opplegget på sikt kan inkludere fleire. Forskerfabrikken arrangerer fritidskurs om forskning for barn og unge over heile landet, på oppdrag frå kommunar, bedrifter og lokalmiljø. Det burde vere grunnlag for fleire slike kurs i vår region. Kanskje kan sommarskular for unge forskarar bli like vanlege som fotballskular i ferietida. Det er nemleg behov for begge deler.

Når norske lærarstudentar gjer det dårlegare i matematikk enn studentar i andre land, er det behov for tiltak på mange frontar for å unngå at vi sakkar akterut. Som høgkostland kan vi ikkje produsere billegast, men vi må vere best. Og då er det viktig å styrke kunnskapen vi skal leve av i framtida.

Det er behov for å framsnakke talent som er mindre synlege enn dei som blir vist fram på ei scene eller fotballbane

ANSV. REDAKTØR	SAMFUNNS- REDAKTØR	NYHETS- REDAKTØR	KST. DIGITAL- REDAKTØR	KULTUR- REDAKTØR
 HANNA RELING BERG 913 33 922 hrb@smp.no	 JAN ERIK RØSVIK 992 71 143 jer@smp.no	 SINDRE HALKJELSVIK 906 11 026 sh@smp.no	 OLAV SINDRE RISE 901 97 723 osr@smp.no	 KRISTIN KNUDSEN 902 01 225 kik@smp.no



Høgre krev skipstunnel no

STAD. Sogn og Fjordane Høgre krev at Stad skipstunnel må realiserast snarast råd. Det går fram av ein resolusjon i helgas fylkesårsmøte. Partiet meiner at no må det vere slutt på alle utgreiingane om skipstunnelen, prosjektet vil ha svært stor regional og nasjonal effekt, meiner dei. Sogn og Fjordane Høgre meiner tunnelen kan byggjast som eit offentleg-privat samarbeid og må prioriterast av Storting og regjering i samband med Nasjonal transportplan.

Raser mot koll

Høgskolen i Ålesund mener samferdselsavdelin

Høgskolen i Ålesund er sterkt kritisk til måten fylket driver kollektivtrafikk på. Bussrutene er ikke tilpasset reisemønsteret.

SAMFERDSEL. – Det som provoserer meg mest er den tilsynelatende arrogansen som vi blir møtt med fra fylkets samferdselsavdeling. Høgskolen inviterte for mer enn ett år siden samferdselsjef Arild Fuglseth til dialogmøte om busstilbudet i Ålesund. Samferdselsjefen tok på seg å finne møtetid, men har tross gjentatte purringer fra høgskolen, ikke fulgt opp og kalt inn til dette møtet, sier tidligere rektor Geirmund Oltedal ved Høgskolen i Ålesund til Sunnmørsposten.

Utbygging. Det var i forbindelse med planer for utbygging på høgskoleområdet og Maritimt kompetansesenter, spørsmålet om en bedre koordinert kollektivtrafikk presset seg fram. Mer enn 3.000 studenter og lærere er i dag knyttet til høgskolen og fagskolen like ved. Parkeringsforholdene er kaotiske, og bedre blir det neppe når kompetansesenteret blir tatt i bruk. Også sjukehuset i Ålesund har mange ansatte som er avhengig av gode kommunikasjoner. I dag må mange bruke egne biler for å komme fram i tide. De ville derfor være med på samarbeidsgruppa. Det samme skulle Ålesundsregionens utviklingskontor (ÅRU) være. Men fylket er taust.



SENDREKTIG. Høgskoledir. Leon Aurdal.

Oltedal får støtte fra høgskoledirektør Leon Aurdal, som irriterer seg over sendrektigheten i fylket.



Parkeringsproblemer. – Vi må ha på plass et godt kollektivtilbud. Parkeringsproblemerne ved høgskolen er store, sier han til Sunnmørsposten. Også Ålesund kommune venter på initiativet fra fylket. Rådmann Olaug Flø Brekke i Ålesund sier at kollektivtrafikken har stort fokus i kommunen.

– Tida er kostbar. Vi har ikke råd til somlebusser, sier Geirmund Oltedal. Han har vært bussbruker helt siden han tok til

å arbeide på høgskolen. De siste åtte årene har han pendlet fra Gjosund på Vigra.

– I dag går bussene alle mulige slags krongleveger. I sentrum må vi bytte buss. Som busspassasjer bruker jeg 45 minutter. Med egen bil bruker jeg 15 minutter. Vi som reiser kollektivt mente det var en gylden anledning for fylket å forbedre bussrutene da nye konsesjoner ble gitt. Men denne anledningen har byråkrattene i Molde ikke grepet, sier Oltedal.

– Hva er løsningen på transportbehovet?

er mange fordeler med en slik ordning, blant annet at fylket kan komme opp med nye løsninger både når det gjelder rutetilbud og takster. Rådgiver Rolf Stavik ved samferdselsavdelinga sier at det har vært jobbet mye sammen med ulike aktører.

– Vi har også hatt et par møter med høgskolen, men den foreslåtte arbeidsgruppa er ikke kommet i gang.

– Hvorfor ikke?
– Mange av de aktørene som

Forstår utålmodigheten

– Jeg forstår at man er utålmodig. Det er stort behov for nye kollektivtilbud i Ålesund.

KOLLEKTIVTILBUD. Det sier samferdselsjef Arild Fuglseth til Sunnmørsposten. Han avviser imidlertid at samferdselsavdelinga er sendrektig i denne saken.

Fylkestinget har gjort vedtak om å bevilge ekstramidler til kollektivtilbudet i Ålesund. Disse

midlene vil bli brukt til tilbudsforbedringer i forbindelse med ruteendringer fra høsten i år.

– Det er mange prosesser på gang samtidig nå, og alle skal lede fram til et godt kollektivtilbud, sier han.

Fast godtgjørelse. Fra nyttår overtok fylket ansvaret for å utvikle kollektivtilbudet, mens busselskap som har fått konsesjon skal drive tilbudet for en fast godtgjørelse. Fuglseth mener det